



## STORDAL KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Endeleg vedtaksorgan: Kommunestyret Saksansvarleg.: Lars Joranger	Arkiv: FE-024 Objekt:	Arkivsaksnummer 11/277
--	-----------------------------	---------------------------

**SAKSGANG**

Saksnr	Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksbehandlar
065/16	Kommunestyret	29.06.2016	ABL

**Kommunereforma - endeleg vedtak****Vedlegg i saka:****Nr. Vedlegg**

- 1 Utkast til vedlegg til intensjonsavtale mellom Skodje Ørskog og Stordal kommune - 20.06.16
- 2 Storfjord kommune - møtereferat av reforhandling av intensjonsavtale mellom Skodje, Ørskog og Stordal kommune 20.06.16
- 3 Ålesund kommune sitt vedtak om kommunereforma
- 4 Referat fra møte 10.06.16 vedr. kommunereforma

**Andre saksdokument (ikkje vedlagt):**

Her er lenker til aktuelle saksdokument som er omtala i saka:

Telemarksforskning rapport Kommunereformen og Stordal kommune  
<https://www.telemarksforsking.no/publikasjoner/filer/2810.pdf>

Telemarksforskning rapport Kommunereformen – landkommune Sunnmøre  
<https://www.telemarksforsking.no/publikasjoner/filer/2781.pdf>

Alternativ Indre Storfjord rapport  
[http://www.sunnmoreregionrad.no/images/Indre\\_Storfjord\\_-\\_sluttrapport.pdf](http://www.sunnmoreregionrad.no/images/Indre_Storfjord_-_sluttrapport.pdf)

Alternativ Regionkommune Sunnmøre – sluttapport  
[http://www.sunnmoreregionrad.no/images/stories/Dokumenter/Kommunereform/Regionkommune\\_Sunnm%C3%B8re\\_sluttrapport\\_pr\\_21.08.15\\_med\\_alle\\_vedlegg.pdf](http://www.sunnmoreregionrad.no/images/stories/Dokumenter/Kommunereform/Regionkommune_Sunnm%C3%B8re_sluttrapport_pr_21.08.15_med_alle_vedlegg.pdf)

Signert intensjonsavtale Regionkommunen Ålesund  
[http://www.sunnmoreregionrad.no/images/Ny\\_lankommune/Regionkommune\\_Sunnm%C3%B8re/Regionkommunen\\_Alesund\\_Signert\\_intensionsavtale\\_180316.pdf](http://www.sunnmoreregionrad.no/images/Ny_lankommune/Regionkommune_Sunnm%C3%B8re/Regionkommunen_Alesund_Signert_intensionsavtale_180316.pdf)

Signert intensjonsavtale for Storfjord kommune  
[http://www.sunnmoreregionrad.no/images/Ny\\_lankommune/Ny\\_lankommune\\_-\\_Intensionsavtale\\_med\\_signatur.pdf](http://www.sunnmoreregionrad.no/images/Ny_lankommune/Ny_lankommune_-_Intensionsavtale_med_signatur.pdf)

## Saksopplysningar:

### Bakgrunn:

Stortinget har vedtatt at det skal gjennomførast ei kommunereform der hovudmålsettingane er å sikre gode og likeverdige tenester, sikre heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, berekraftige og økonomisk robuste kommunar og å styrke lokaldemokratiet.


### Kommunefakta:

Stordal kommune har 1035 innbyggjarar, og eit areal på 247,07 km<sup>2</sup>. Stordal grensar i nordvest til Ørskog, i nord mot Vestnes, i aust mot Rauma, i søraust mot Norddal, i sør mot Stranda og i vest til Sykkylven. Tettstaden Stordal har 673 innbyggjarar per 1. januar 2015. Stordal kommune omfattar bygdelaga Stordal og Dyrkorn, og er den kommunen som har færrest innbyggjarar blant kommunane i Møre og Romsdal.

Frå Stordal sentrum til kommunesenteret i Ørskog er det om lag 18 km, til Moa (Ålesund) om lag 50 km og til Skodje sentrum om lag 30 km. Til kommunesenteret i Norddal kommune er det 25 km.

Folketalsutviklinga for Stordal kommune syner ein svak vekst på 3,6% frå 2005-2015.

Figuren under syner folketalsutviklinga over ein lenger periode tilbake til 60-talet.



Stordal kommune har over tid vore prega av industriverksemd, og Stordal har hatt fleire møbelfabrikkar gjennom historia. Møbelindustrien har hatt sterkt nedgang i sysselsettinga, og i dag er tal tilsette i møbelindustrien redusert til om lag 70. Den største sysselsettinga finn vi i dag i bygg- og anleggsvirksemd, offentleg tenesteyting (kommunen) og industri.

Stordal kommune har ein arbeidsplassdekning på 96%. I 2014 var det 175 arbeidstakrarar som pendla inn til kommunen og 195 som pendla ut av kommunen. Pendlarstraumane inn til og ut av kommunen går i all hovudsak til kommunane Ålesund, Ørskog, Norddal, og Stranda.

### Stordal kommune sitt arbeid med kommunereforma - prosess

Stordal kommune har gjennomført eit grundig arbeid med kommunereforma, og saka har vore tema på nesten alle kommunestyremøte sidan hausten 2014. I det følgjande er det referert dei kommunalpolitiske vedtak som er gjort i høve til kommunereforma i Stordal kommune, og desse oppsummerar på mange måtar både prosess og innhald i arbeidet:

Kommunestyre 24.09.14

KS-062/14 vedtak:

«1. Stordal kommunestyre viser til det utgreiingsansvaret som er pålagt alle kommunar i samband med kommunereforma, og vil bruke tida framover til å sette seg godt inn i reforma sine muligheter og konsekvensar, slik at vedtak om framtidig kommunestruktur for Stordal kan gjerast på best muleg grunnlag.

2. Stordal kommunestyre vil peike på at ei nærmere avklaring med omsyn til kva for oppgåver og funksjonar som skal ligge til dei framtidige kommunane, vil vere ein avgjerande premiss for det vidare arbeidet med kommunereforma.

3. Stordal kommunestyre vil bidra aktivt i dei prosessane som vert sett i gong m.a. av Ekspertutvalet, Fylkesmannen, Sunnmøre Regionråd og KS. Kommunestyret ønskjer også delta i konstruktive dialogar med nabokommunane om mulege framtidige kommunegrenser. Dessutan vil kommunestyret syte for at innbyggjarane sitt syn vert hørt.»

Kommunestyre 12.11.14

KS-077/14 vedtak:

«Det vert oppretta eit adhoc-utval der ordførar, varaordførar og rådmann vert valt til adhoc-gruppe ved førebuing av sak, jf. ref.sak nr. 9.»

Kommunestyret 11.02.15

KS-006/15 vedtak:

«1. Stordal kommunestyre vedtek slik milepælsplan for «kommunestukturprosjektet»:

Nr	Aktivitet	Tidspunkt	Ansvar	Utført
1	Lokale prosesser for eit best mogeleg beslutningsgrunnlag	Des. 2014	Kommunestyret	x
2	Vedta framdriftsplan og mandat	Februar -15	Prosjektgruppa/kom.styret	
3	Få på plass link til kommunereforma på kommunen si heimeside	Februar -15	Rådmann	x
4	Utgreiing av status i eigen kommune med rapport til kommunestyret	Mars -15	Rådmann	
5	Innvolvere næringslivet, ungdomsrådet, tillitsmannsapparatet og frivillig sektor	Februar -15	Ordf./rådm	
6	Arbeide med alternative kommunekonstellasjonar i framtida	Q2 i 2015	Prosjektgruppa	
7	Folkemøte	April/mai -15	Prosjektgruppa	
8	Kva for alternativ til samanslåing skal ein gå vidare med – effektar av alternativa	Juni - 15	Prosjektgruppa	
9	Rapport om framdrift til Fylkesmannen	30/06-15	Rådmann	
10	Kommune-/fylkestingsval	14/9-15	Rådmann	
11	Faktagrunnlag med mogelege alternativ etter nye drøftingsrundar	November- 15	Prosjektgruppa	
12	Folkevaltopplæring med særleg vekt på kommunereform	Oktober -15	Rådmann	
13	«Folket blir høyrd» Td. gjennom ei høyring	Februar/mars -16	Prosjektgruppa	
14	Vedtak i Stordal kommunestyre om framtidig kommunestruktur	Juni 2016	Prosjektgruppa/kommunestyret	

Eventulle endringar/justeringar av milepælsplanen vert å avgjere av prosjektgruppa med melding til kommunestyret.

## 2. Mandat for prosessen.

Stordal kommune vil primært greie ut 4 alternativ

Desse er:

- Halde fram som eigen kommune som i dag (Stordal-alternativet)
- Ein Storkommune for Nordre Sunnmøre med alle (dei fleste) kommunane på Nordre Sunnmøre (Bykommune-alternativet)
- Ein stor landkommune på nordsida av Storfjorden (Landkommune-alternativet)
- Ein kommune som består av 4-5 noverande kommunar langs Storfjorden (Storfjord-alternativet)»

Kommunestyre 17.06.15

KS-044/15 vedtak:

- «1. Stordal kommunestyret tek saksutgreiinga og debatten til orientering.  
2. Stordal kommunestyre vedtek å bruke inntil kr 50.000,- til ekstern konsulenthjelp til utgreiingsarbeid knytt til alternativet om framleis å vere eigen kommune. Prosjektgruppa får fullmakt til å knyte til seg naudsynt bistand innafor vedteken ramme Dekning av tildelt skjønstillskot til kommunereformarbeid.  
3. Storfjordalternativet vert å vurdere av kommunestyret etter at felles formannskapsmøte om Storfjordalternativet er halde.»

21.10.15 var det nye kommunestyret samla etter kommunevalet, og det vart gitt ei brei orientering om kommunereforma. I tillegg til ei omfattande saksutgreiing deltok Erlend Krumsvik frå Sunnmøre Regionråd. Det vart gitt orientering og svara på spørsmål om kommunereforma til det nyvalde kommunestyret.

I dette kommunestyremøtet vart det i vedtak fastsett ein meir detaljert framdriftsplan for det attståande arbeidet med kommunereforma.

KS-077/15 vedtak:

«Stordal kommunestyre tek orienteringa og debatten om «status i kommunereforma» til vitande og vil følgje ein framdriftsplan i tråd med oppsett i saksutgreiinga.

Framdrift for Stordal kommune sitt arbeid med kommunereforma:

Aktivitet	Fristar/tid	Ansvar				Utført
		Politisk	Adm	Prosjektgr.	Forh.utv	
<b>Haust 2015</b>						
Utsending brosjyre alle husstandar	19.10.		X	X		
<b>Kommunestyret:</b> Rapportane til politisk behandling og gjennomgang	21.10.	X	X	X		
Ny innbyggjarundersøking i regi av Sunnmøre Regionråd og Sentio Research	19.-31.10.					
Ungdomsundersøking kommunereform	November		X	X		
<b>Kommunestyret:</b> -Status kommunereforma -Val av forhandlingsutval -Mandat for forhandlingsutval -Val av høyringsform innbyggjarar	10.11.	X	X	X		

Arena Sunnmøre – formannskapet m fl -resultat innbyggjarundersøking	26.11.	X	X	X		
Sonderingar og vurdering av dei ulike alternativa	Fram til 31.01.16		X	X	X	
Folkemøte/informasjonsarbeid: -resultat utgreiingar -resultat innbyggjarundersøking -orientering om status for prosess og vidare arbeid	Desember		X	X		
<b>Kommunestyret:</b> -(Førebels) retningsval -Maks to alternativ i tillegg til «eigen kommune» -Føringer til forhandlingsutvalet	16.12.	X	X	X		
<b>FMMR:</b> <b>Frist for utgreiingar</b>	31.12.					
<b>Vår 2016</b>						
Arbeidsmøte: -Involvere breidde med frivillige lag/organisasjonar, næringsliv, tilsette m fl -Innspel til viktige moment for Stordal kommune framfor forhandlingar	Veke 2	X	X	X	X	
<b>Kommunestyret:</b> -Status -Retningsval -Føringer for arbeidet med vidare sonderingar og forhandlingar	27.01.	X	X			
<b>FMMR:</b> <b>Frist for retningsval</b>	31.01.					
Forhandlingsutval arbeid med intensjonsavtale med ein eller fleire kommunar			X	X	X	
<b>Kommunestyret:</b> -Status -Førebels handsaming av intensjonsavtale	09.03.	X	X			
Forhandlingsutval arbeid fortset			X	X	X	
<b>FMMR:</b> <b>Frist avslutning av forhandlingar</b>	20.03.					
Adm handsaming/ferdigstilling av intensjonsavtale	06.04.		X	X		
<b>Kommunestyret:</b> -Politisk handsaming av intensjonsavtale	13.04.	X				
<b>FMMR:</b> <b>Frist politisk handsaming av intensjonsavtale (-ar)</b>	15.04.					
Folkemøte, presentere	Veke		X	X		

intensjonsavtale	16/17				
Innbyggjarhøyring/folkerøysting -Utgangspunkt i framforhandla intensjonsavtale (ar) med ein eller fleire kommunar -Tidspkt må samordnast med andre aktuelle kommunar	Veke 17/18		X	X	
FMMR: Frist innbyggjarhøyring	08.05.				
Sakshandsaming -Vurdering av alternative intensjonsavtalar -Halde opp mot resultat frå innbyggjarhøyringa/folkerøystinga	Mai		X	X	
<b>Kommunestyret:</b> -Endeleg vedtak om framtidig kommunestruktur for Stordal -Tidspkt må samordnast med andre aktuelle kommunar	Frist 30.06.	X			
Utgangspunkt vedtak i kommunestyret, utarbeiding og innsending av rapport til Fylkesmannen om Stordal kommunestyre sitt vedtak om framtidig kommunestruktur			X		
FMMR: Frist endeleg vedtak	01.07.				

Formannskapet er referansegruppe for prosjektgruppa, og må konsulterast ved behov. Særleg på slutten av prosessen vil ein vere avhengig av koordinering med andre kommunar. Det gjeld særleg innbyggjarhøyring ogendeleg vedtak. Ein må derfor vere innstilt på at framdriftsplanen må reviderast fortløpende. Fristane sett av fylkesmannen (FMMR) kan likevel ikkje avvikast.»

#### Kommunestyre 10.11.15

##### KS-087/15 vedtak:

«1. Stordal kommunestyre vel følgjande medlemmer i kommunestyret til å representere Stordal kommune i dei komande sonderingane og forhandlingane om ei framtidig kommune:

Medlemar:

ordførar  
varaordførar  
Bjørn Ove Olsen  
rådmann

Varamedlemar:

1. Palma F Øvrebust  
2. Lars Kr. Øvrebust

2. Mandat for dette utvalet: Forhandlingsutvalet skal gjennomføre sonderingar/samtalar med dei kommunane som har vore med i utgreiingsarbeida så langt. Forhandlingsutvalet rapporterer fortløpende om framdrifta til formannskapet og kommunestyret. Mandatet vil bli endra/utvida i samband med at ein gjer retningsvalet seinast i januar 2016.

3. Dersom forhandlingsutvalet gjennom dei komande sonderingane og seinare forhandlingar kjem fram til ein tilrådd intensjonsavtale, skal denne leggjast fram for kommunestyret til godkjenning. Tilrådd intensjonsavtale skal også ut på høyring blant innbyggjarane. Høyring skjer ved rådgivande folkeavrøysting. Tidspunkt for folkeavrøystinga må samordnast med andre kommunar, jf. tidsplan.»

Kommunestyre 16.12.15:

KS-099/15 vedtak:

«1. Stordal kommunestyre vedtek å gå vidare med sonderingar og preforhandlingar med ein eller fleire av kommunane i desse alternativa:

- Landkommunealternativet
  - Regionkommunealternativet
2. Stordal kommunestyre vedtek å avslutte vidare arbeid med «Storfjordalternativet» med kommunane Stordal, Norddal, Sykkylven og Stranda, og går ikkje vidare i sonderingar kring dette alternativet.
3. Stordal som eigen kommune skal framleis vere eit alternativ.
4. Stordal kommunestyre finn på noverande tidspunkt ikkje å gå vidare med Nordal-Stordal alternativet, og takkar førebels nei til invitasjon om samtalar med Norddal kommune åleine utan i ein konstellasjon med ein eller fleire av kommunane i landkommune- eller regionkommunealternativa.
5. Kommunestyret viser til vedtak i ksak 087/15 pkt. 2 og held fast ved mandatet som der vart gitt til forhandlingsutvalet.»

Kommunestyre 27.01.16

KS-007/16 vedtak:

- «1. Stordal kommunestyre vil starte forhandlingar med kommunane i Landkommunealternativet
2. Stordal kommunestyre vil starte forhandlingar med kommunane i Regionkommunealternativet
3. Målet med forhandlingane er å kome fram til ein intensjonsavtalar som dannar grunnlag for å informere og høyre innbyggjarane.
4. Forhandlingsutvalet skal føre forhandlingane ut frå utfordringspunkt og rammer gitt i eiga sak.
5. Dersom forhandlingsutvalet har behov for avklaringar under forhandlingane, kan gruppeleiarar, formannskap og eventuelt kommunestyre innkallast til eige drøftingsmøte.
6. Forhandlingar om intensjonsavtale skal ikkje utelete alternativet med Stordal som eigen kommune.
7. Intensjonsavtalane skal leggast fram til politisk handsaming innan 15. april 2016.
8. Før politisk handsaming skal innbyggjarane informerast om intensjonsavtalane og høyrast i rådgivande folkeavrøysting, jfr vedtak i Ksak 99/15.
9. Stordal kommunestyre vedtek at stemmerettsalderen i denne saka vert sett til 16 år.»

Målsetjinga med sonderingane skulle vere å finne ut om det er muleg å kome fram til ein intensjonsavtale som gjer det sannsynleg at ein eventuell ny kommune samla sett vil kunne gi oss ei betre framtid enn om Stordal skulle halde fram som eigen kommune. I sonderingane skulle ein prøve å finne ut om det er muleg å redusere eller avgrense dei negative effektane av å slå seg saman, slik at ein kunne konkludere med at det alt i alt vil kunne bety ein styrke for Stordal å slå oss saman med ein eller fleire nabokommunar. Skulle sonderingar og seinare forhandlingar derimot vise at vi samla sett ikkje trur at vi vil kunne legge til rette for korkje betre kvalitet på - eller auka tryggleik for - dei kommunale tenestene i framtida, vil ei kommunesamslåing ikkje kunne tilrådast.

Kommunestyret handsama spørsmål knytt til kva som skulle vektleggast i forhandlingsutvalet sitt arbeid med forhandlingar om intensjonsavtalar, og i KS-006/16 vart det gjort slikt vedtak:  
«Stordal kommunestyre legg til grunn dei opplista momenta i eventuelle forhandlingar om ein ny kommune.»

Av vurderinga gjekk det fram kva moment ein ville vektlegge i forhandlingar om ein ny kommune:

Symbolsaker:

- Namnet til den nye kommunen bør ikkje vere likt med namnet på nokon av dei «gamle» kommunane
- Rådhuset i den nye kommunen bør ligge nær eit geografisk og folketalsmessig midtpunkt i kommunen,

#### A) Tenester

Basistenenestene må ha minst like høg kvalitet og vere like tilgjengelege som no.

- Tenester innan barnehage, grunnskule/SFO, helse og omsorgstenester skal framleis vere lokalisert i Stordal.( ingen basistilbod skal leggast ned)
- Idrettsanlegg og andre kulturanlegg/kulturhus vert drifta og tatt vare på som i dag
- Samarbeid med frivillige krefter - kan vidareutvikle den identiteten lokalsamfunnet har i dag.

Ein ny kommune må kunne tilby sikrare og betre tilgang på spesialiserte tenester enn det Stordal greier åleine.

- Ikkje alle desse tenestene treng vere lokalisert i Stordal, men vere lette tilgjengelege
- Det må konkretiserast kva for tenester den nye kommune skal kunne tilby og korleis desse skal vere organisert.

#### B) Samfunnsutvikling/næringsutvikling

- Ein ny kommune må kunne sikre at det vert halde eit stort fokus på å oppretthalde eksisterande arbeidsplassar- samt stimulere til nye arbeidsplassar - i Stordal.
- Det må leggast planar og strategiar som syner korleis ein kan unngå at ein større kommune vil verke sentralisering. Erfaringar frå tidlegare kommunesamanslåingar syner at når det gjeld vekst i busetjing og sysselsetjing, har den veksten kome i kommunesenteret. Ein eventuell ny kommune må ha ein klar strategi for å utvikle alle område i den nye kommunen.
- Det må leggast administrative og/ eller fagstillingar lokalt til Stordal ( kommunehuset i Stordal skal ikkje tømmast for arbeidsplassar)
- Ein ny kommune må prioritere arbeidet med å få utbetra vegstrekninga Viset- Giskemo (Børdalslinja)

#### C) Demokrati og medverknad

Ein ny kommune må vere organisert slik at lokaldemokratisk medverknad vert sikra og stimulert.

- Lokaldemokratiske organ som følgjer naturlege, geografiske område må etablerast. Noverande Stordal kommune bør utgjere eit slikt område. Det lokaldemokratiske organet, kommunedelsutvalet, må ha reell påverknad og mynde over nærmere definerte område/saker.

#### D) Lokal identitet, frivilligkeit mm

Ein ny kommune må gjere det muleg å halde ved like lokal identitet og lokal frivillig innsats – samstundes som ein ny kommune skal bygge ny felles identitet og kultur.

- Frivilligcentralen må halde fram som lokalt plassert. Den nye kommunen må ha ein plan og ein modell for korleis den viktige ressursen som ligg i frivillig innsats/dugnadsinnsats vert ivaretatt og stimulert vidare
- Nynorsk målform er ein viktig del av identiteten på Sunnmøre, og må vere den vanlege målforma i den nye kommunen.

#### E) Økonomi

- Problemstillinger kring økonomiske ulikheiter mellom kommunane må avklarast.(lånegjeld, investeringsbehov, vedlikehaldsetterslep, fondsmidlar, eigedelar, eigedomsskatt etc)
- Ein må avklare korleis stimuleringsmidlar knytt til reforma skal brukast – likeeins må ein avklare korleis ein skal bruke uendra basistilskot og småkommunetillegg i overgangsperioden.

- Ein må sikre at planlagde og «finansierte» investeringar gjennom vedtekne økonomiplanar vert gjennomført av ny kommune
- Samla ønske og krav til den nye kommunen må kvalitetssikrast opp i mot tilgjengelege økonomiske ressursar - for å unngå at ein bygg luftslott utan forankring i reell økonomisk berekraft i den nye kommunen.

Kommunestyret 09.03.16

KS-028/16 vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande:

- Kommunestyret tek orienteringa til vitande
- Forhandlingsutvalet skal legge fram ei tilråding til kommunestyremøtet 13.april.
- Forhandlingsutvalet må delta og gi orienteringar på folkemøte.
- Valstyret vert bede om å førebu valteknisk gjennomføring av rådgivande folkerøysting.
- Det vert lagt inn eit nytt kommunestyremøte i møteplanen den 29. juni 2016.

Kommunestyret 13.04.16

KS-035/16 vedtak:

- «1. Stordal kommune har forhandla fram to alternative intensjonsavtalar om samanslåing: landkommunealternativet som har fått arbeidstittelen «Storfjord kommune» og regionkommunealternativet «Ålesund kommune». Stordal kommunestyre har bestemt at det skal haldast rådgivande folkerøysting for å høye innbyggjarane si oppfatning om Stordal kommune skal slå seg saman med ei eller fleire andre kommunar, og kva syn innbyggjarane har på dei to alternativa.
2. Det skal utarbeidast likeverdig informasjonsmateriell om dei tre alternativa; Stordal kommune som sjølvstendig kommune, landkommunealternativet «Storfjord kommune» og regionkommunealternativet «Ålesund kommune»
3. Det skal haldast folkemøte om sak.
4. Gjennomføring av folkerøysting:
- Folkerøystinga finn stad torsdag 19.mai 2016.
  - Valgstyret får ansvar for den praktiske gjennomføringa av folkerøystinga.
  - Det fastsetjast same reglar for stemmerett som til kommunestyrevalg (valglova § 2-2), så langt det er relevant, men med stemmerettsalder 16 år.
  - Det skal ikkje produserast valgkort til folkerøystinga.
  - Manntallet vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med valglova sine bestemmelser så langt det er råd.
  - Valgstyret får fullmakt til å bestemme endeleg utforming på stemmesedlar, men likevel på ein slik måte at stemmegivar både seier noko om samanslåing eller ikkje og eventuelt kva alternativ stemmegivar meiner er best.
  - Det skal vere høve til å førehandsrøyste på servicekontoret i perioden frå og med 9. mai til og med 18.mai.
  - Valgstyret oppnemner stemmemottakarar og legg til rette for førehandsrøysting i tråd med valglova § 8-2 til § 8-5 så langt det er relevant.
  - Valgstyret får fullmakt til å fastsetje tidspunkt for førehandsrøysting på institusjon og heimestemmer.
  - Stemmelokale på valgdagen er på same stad som ved kommunestyrevalget, dvs. Stordalshallen. Valgstyret fastset opningstid i stemmelokalet.
  - Bestemmelsane i kapittel 10 i valglova om godkjenning av stemmesedlar, oppteljing og protokollering skal leggast til grunn så langt det er relevant.
  - Valgstyret får fullmakt til å godkjenne protokollen frå folkerøystinga.
  - Valgstyret sin leiar får fullmakt til å ta avgjerder som ikkje er av prinsipiell karakter i samarbeid med administrasjon, slik som oppnevning av valgmedarbeidere, annonsering, fristar og liknande.»

**Prosess og utgreiingsarbeid:**

Stordal kommune har følgt opp dei milepelsplanar som er sett frå fylkesmannen og gjennom eigne vedtak. Kommunen har delteke i utgreiingsarbeid og vidare delteke i forhandlingar som har munna ut i to alternative intensjonsavtalar om samanslåing. Desse er:

- Landkommunealternativet som har fått arbeidstittelen «Storfjord kommune»
- Regionkommunealternativet «Ålesund kommune».

Dessutan har det vore gjennomført drøftingar og SWOT-analyse for å sjå om det var mogleg å få til ei ny kommune på indre delar av Storfjorden med kommunane Sykkylven, Stranda, Norddal og Stordal. Her var også kommunane Skodje og Ørskog invitert inn men dei takka nei til dette. Dette alternativet fant eit samla kommunestyre ikkje å gå vidare med jf. Ksak 099/15 pkt. 2

Sist men ikkje minst har ein ved hjelp av analyse gjennomført av Telemarkforskning AS gjennomført og utarbeida ei analyse som tek føre seg Stordal som eiga kommune også i framtida.

### **Innbyggarinvolvering og informasjon:**

Det har vore halde 4 folkemøte med god oppslutning:

- Møte 1 med innlegg frå fylkesmannen og Sunnmøre regionråd, der det vart gitt informasjon om arbeidet med kommunereforma og forventningar til prosess og arbeid.
- Møte 2 med innlegg frå Møre og Romsdal fylkeskommune fylkesplansjef Ole Helge Haugen og økonomiprofessor Bjarne Jensen frå Høgskolen i Hedmark.
- Møte 3 lagt opp etter open space-metoden. God oppslutning og aktive diskusjonar i grupper.
- Møte 4 med innlegg frå ordførar og rådmann med informasjon om dei framforhandla intensjonsavtalane og praktisk om den føreståande folkerøystinga.

Det har vore gjennomført 2 spørjeundersøkingar i regi av Sunnmøre Regionråd og med Sentio Research as som utøvar i tillegg til den rådgivande folkerøystinga.

Det har vore eit særskild fokus på å involvere ungdom i arbeidet med kommunereforma, og det har vore haldne eigne møte med ungdomsrådet der kommunereforma har vore tema. Det vart også gjennomført ei eiga undersøking blant ungdom i Stordal.

I tillegg til informasjon på kommunen sine heimesider er det sendt ut flygeblad til alle husstandar i kommunen i desember 2015 og april 2016.

### **Rådgivande folkerøysting 19.mai 2016**

Dei framforhandla intensjonsavtalane danna grunnlaget for den rådgivande folkerøystinga som vart gjennomført 19.05.16. Den rådgivande folkerøystinga var lagt opp med to hovedalternativ; ja til kommunesamanslåing og nei til kommunesamanslåing. Både på ja- og nei-setlane vart det spurt om kva samanslåingsalternativ ein ville rá til dersom det vart fleirtal for kommunesamanslåing - landkommune eller regionkommune.

Frammøteprosenten i den rådgivande folkerøystinga var på 48,5% - 399 av 822 med røysterett (16 år og oppover) i kommunen deltok.

Resultatet vart slik:

	JA til samanslåing		NEI til samanslåing	
	Stemmetal	%	Stemmetal	%
	175	43,8%	215	53,9%
Tilråding dersom det vert fleirtal for kommunesamanslåing:				
Landkommune	137		158	

<b>Regionkommune</b>	33	8	
<b>Blank/ikkje avkryssa</b>	3 og 2	33 og 16	

## Innbyggarundersøkingane 2014 og 2015

Innbyggarundersøkingar vart gjort i regi av Sunnmøre regionråd i 2014 og 2015.

Resultatet for Stordal kommune kan samanstillast slik:

	<b>Stordal 2014</b>	<b>Stordal 2015</b>	<b>Sunnmøre Totalt</b>
Samanslåing med ein el fleire av nabokommunane	37%	42%	49%
Heile Sunnmøre bør bli ein kommune	5%	5%	9%
Vere organisert som i dag	58%	51%	40%
Veit ikkje/inga mening	0%	2%	3%

På spørsmål om kven av nabokommunane Stordal bør slå seg saman med var det 67% for Ørskog, 45% for Norddal og 34% for Skodje. I Ørskog kommune meinte 65% at samanslåing med Stordal var aktuelt. I Norddal var det 62% som peika på Stordal, og i Skodje 25% for samanslåing med Stordal.

### Undersøking blant ungdom i Stordal, resultat

Det vart gjennomført ei eiga ungdomsundersøking i Stordal i november 2015.

Spørjeundersøkinga vart utarbeidd i samarbeid med leiar for ungdomsrådet, og vart sendt alle ungdommar frå Stordal i alderen 13 – 19 år. Spørjeundersøkinga var nettbasert og stilte spørsmål om korleis ungdommane oppfattar oppvekstmiljøet i Stordal, kultur- og fritidstilbodet, preferansar i høve val av vidaregåande skule, kva som er ungdommane sin «kvardagsregion» m.m. I undersøkinga vart ungdommane også spurde om deia syn og meining knytt til kommunereforma.

I alt var det 95 personar i aldersgruppa 13 -19 år som fekk undersøkinga. 44 av dei svara på undersøkinga. Resultatet av undersøkinga kan oppsummerast slik:

- 85% av dei som har svara meiner at Stordal framleis bør vere eigen kommune
- Om Stordal vel å slå seg saman med ein eller fleire av nabokommunane er svara slik:
  - Saman med kommunane Norddal, Stranda og Sykkylven 25 %
  - Saman med kommunane Skodje, Ørskog, Vestnes og Norddal 62 %
  - Ei stor Regionkommune 13 %

På spørsmål om kva negative/positive konsekvensar ei kommunesamanslåing ville ha for innbyggjarane i Stordal var resultatet slik (her er talet 1 svært negativ og talet 6 svært positivt) :

1) 12 %    2) 21 %    3) 24 %    4) 24 %    5) 19 %    6) 2%

Eit av spørsmåla som ungdomen fekk var kor dei helst ville bu når dei var blitt vaksne og ferdig med utdanninga si. Svara fordelte seg slik:

- I Stordal 17 %
- Ein eller annan stad på Sunnmøre 5 %
- I Ålesund 5 %
- Ein eller annan stad i Møre og Romsdal 5 %
- I ein større by 23 %
- Veit ikkje 45 %

Ungdomen fekk også spørsmål om fritidsaktivitetar og deira bruk av fritidstilbod i anna kommune.

Svara samanfattast slik: Ingen svara Vestnes eller Skodje. Ein svara Norddal, ein svara Haram, tre svara Stranda, sju svara Ørskog og tretten svara Ålesund.

**Vurdering:****Tenesteyting og interkommunale samarbeid:**

I oppsettet under er det sett opp ei oversikt over dei viktigaste lovpålagde oppgåvene som kommunen skal yte til innbyggjarane. Lista er ikkje fullstendig, men gir eit bilete over sentrale tenesteområde og korleis desse vert løyst i dag – delvis i eigen regi og delvis i interkommunale samarbeid.

<b>Teneste</b>	<b>Eigen kommune eller interkommunalt samarbeid</b>
Grunnskule og SFO	Stordal
Barnehage	Stordal
Kulturskule	Stordal
Legeteneste	Stordal
Helsesøstereneste	Stordal
Psykiatrisk helsearbeidar	Stordal
Fysioterapi	Stordal
Jordmorteneste	Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal
Tekniske tenester (byggesak, eigedomsforvaltning, kommunale vegar, kommunalteknisk drift)	Stordal og Norddal
Institusjonsplass	Stordal
Heimebasert omsorg og heimetenester	Stordal
Pedagogisk, psykologisk teneste	Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal
Barneverntenester	Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal
Sosialhjelptenester NAV	Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal
Landbruksforvaltning	Skodje, Ørskog, Stordal, Sula og Ålesund
Brannvern	Ålesund, Giske, Sula, Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal
Legevakt	Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal, Ålesund, Haram, Sykkylven, Giske (nattlegevakt) Vestnes, Stordal, Norddal og Ørskog (legevakt kveld og helg)
Skatteinnkreving	Giske, Haram, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Ørskog og Ålesund
Innkjøpssamarbeid, felles innkjøpskontor	Ålesund, Sandøy, Haram, Vestnes, Ørskog, Stordal, Norddal, Stranda, Sykkylven, Skodje, Sula og Giske.
Krisesenter for Sunnmøre	Ålesund, Ørsta, Volda, Herøy, Sande, Ulstein, Hareid, Sula, Giske, Skodje, Haram, Ørskog, Stordal, Norddal, Vanylven, Sandøy, Stranda og Sykkylven

Stordal kommune har ein avgrensa administrativ ressurs og avgrensa høve til å fylle spesielle fagroller. Dersom Stordal kommune skal halde fram som eigen kommune, vil kommunen vere avhengig av interkommunale samarbeid på svært mange felt. Rådmannen si vurdering er at få av dei fagområda som det i dag er interkommunale samarbeid på, vanskeleg vil kunne handterast i kommunen sin eigen regi.

Nabokommunane Skodje, Ørskog og Norddal er dei som Stordal har flest samarbeid med. Verken Ørskog eller Skodje har som eit alternativ å halde fram i dagens kommunestruktur. Dersom Stordal kommune vel å halde fram som eigen kommune og dei andre etablerar ny kommunestruktur, vil dette medverke til stor usikkerheit kring våre eksisterande interkommunale samarbeid.

## Vurdering av kommunen sine ulike roller

I arbeidet med kommunereforma er vi utfordra til å vurdere eigen kommune i lys av framtida sine utfordringar, og samstundes gjere det same med alternativet(a) kommunen har til ein ny kommune (jamfør intensjonsavtalene).

Slik vurdering vert gjort for kommunen si rolle som

- Tenesteutøvar
- Rettstryggleik til innbyggjarane
- Samfunnsutviklar
- Demokratisk arena

For kvar av desse områda er det definert samfunnsmessige omsyn og kriterier som bør fyllast.

### Vurdering av kommunen si rolle som tenesteutøvar

I rolla som **tenesteutøvar** skal kommunane fylle gitte samfunnsmessige omsyn og kriterier for desse.

Samfunnsmessige omsyn:

- Kvalitet i tenestene
- Effektiv bruk av samfunnets ressursar
- Likeverdighet

Kriterier:

- Tilstrekkelig kapasitet
- Relevant kompetanse
- Effektiv tenesteproduksjon
- Økonomisk soliditet
- Valfridom

Styrker/mulegheiter:

Regionkommune	Landkommune	Stordal
Effektiv drift, sterke og robuste familjø, tilstrekkeleg kapasitet og distanse(habilitet)	Større familjø og lengre distanse til brukarane vil sikre likeverdig handsaming. Rom for styrka kompetanse. Lettare å koordinere tenester overfor brukarar med samansette behov. Landkommunen vil kunne vidareføre nokre av dei felles verdiane ein har i dag.	Effektive tenester med kort avstand til mottakar God kompetanse og god kapasitet på fleire område Nærleik til dei fleste tenestene

Svakheiter:

Regionkommune	Landkommune	Stordal
Svekka lokalkunnskap, auka byråkrati, større avstand mellom innbyggjar og kommune-administrasjon	Tenesteleveransane vert meir byråkratiske, mindre rom for individuelle løysingar. Somme tenester vil kunne bli sentraliserte. Vil framleis ha behov for interkommunale samarbeid. Beredskap kan bli svekka ved sentralisering av ressursar og kunnskap	Avhengig av interkommunale samarbeid Lite rusta til å takle fleire oppgåver Liten eller ingen valfridom med omsyn til val av tilbod/tenester Få og små fagstillingar innafor enkelte område som t.d. legetenester, fysio-/ergo-, jordmorteneste, sjukepleie, psykiatri for å nemne nokre, gjer kommunen sårbar og lite robust ved vakanse, sjukdom og liknande. Stort behov for interkommunale løysingar

		for å yte lovpålagde tenester. Eit visst behov for kjøp av tenester frå private tenesteleverandørar innan pleie og omsorg
--	--	--

## Vurdering av kommunen si rolle for å ivareta rettstryggleiken til innbyggjarane

### Samfunnsmessige omsyn

- Rettstryggleik

### Kriterier

- Tilstrekkeleg kapasitet
- Relevant kompetanse
- Tilstrekkeleg distanse

I ei kommune med om lag 1000 innbyggjarar vil det oftare oppstå situasjonar med inhabilitet enn i ei kommune med fleire innbyggjarar. Begge intensjonsavtalane vil gje kommunar med større innbyggjartal og tilsvarande auka distanse til innbyggjarane.

Det har vore og er framleis ei utfordring å få tilsett medarbeidrarar med rett og tilstrekkeleg utdanningskompetanse innan nokre fagområde. Særleg har det vore vanskeleg å få tilsett nok sjukepleiefagleg kompetanse. Alternativet er å finne løysingar med personale som har lavare helsefagleg kompetanse. Dette kan medføre at tenestemottakarar ikkje får dei tenestene dei etter lova har krav på.

## Vurdering av kommunen si rolle som samfunnsutviklar

### Samfunnsmessige omsyn

- Heilskap i ivaretakinga av areal- og transportinteresser tilpassa klima- og miljøomsyn
- Tilrettelegging for positiv utvikling av lokalsamfunnet og storsamfunnet

### Kriterier

- Funksjonelle samfunnsutviklingsområder
- Relevant kompetanse
- Effektiv tenesteproduksjon

## Styrker/mulegheiter

Regionkommune	Landkommune	Stordal
Styrka konkurransekraft , breiare kompetanse politisk og administrativt, heilskapleg planlegging	Sterkare aktør i regional samfunnsutvikling. Betre heilskapleg samfunnsutvikling. Stor grad av samanfall med kvardagregionen for folk som bur i Stordal i dag.	Nært samarbeid mellom kommunen og næringslivet. Forståing og fleksibilitet

## Svakheiter

Regionkommune	Landkommune	Stordal
Svekka lokalkunnskap, svekka identitet, svekka gjennomføringsevne, framandgjering og	Kan verte lokaliseringsstridar. Ikke noko definert sentrum.	Lågt folketal Liten planleggingskapasitet Stor nedgang i

sentralisering		arbeidsplassar innan viktig næring som møbelindustri Stor utpendling Demografi med ein aldrande befolkning
----------------	--	--

### Vurdering av kommunen som demokratisk arena

#### Samfunnsmessige omsyn

- Viktige oppgåver og rammestyring
- Lokal politisk styring
- Levende lokalt folkestyre
- Aktiv lokal politisk arena

#### Kriterier

- Høg politisk deltaking
- Lokal politisk styring
- Lokal identitet

#### Lokaldemokrati:

Styrker/mulegheiter

Regionkommune	Landkommune	Stordal
Styrka politikarolle. Auka politisk engasjement. Politisk maktfaktor regionalt og nasjonalt	Meir heilskapleg utvikling. Større distanse og færre habilitetsutfordringar. Ein større organisasjon gir auka attraktivitet	Lokalpolitisk handlingsrom Sterk lokal identitet Kommuneadministrasjonen har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å utarbeide gode beslutningsgrunnlag Valdeltaking over gjennomsnittet. Bra politisk variasjon ( 5 parti) Ungdomsråd

#### Svakheiter

Regionkommune	Landkommune	Stordal
Stor avstand mellom folkevalde og innbyggjarar, svekka lokalt engasjement Må etablere avbøtande demokratiske tiltak for å sikre lokaldemokratiet.	Ikkje noko naturleg sentrum og plassering av kommunesenter kan bli ei utfordring. Utfordrande også å skape ein felles identitet og «grendefokus» kan kome i staden for overordna prioriteringar.	Avhengig av mange interkommunale samarbeid

### Vurdering av økonomisk status og utvikling

Vi skal også vurdere eigen kommune sin økonomiske status og utvikling i lys av framtida sine utfordringar, og det same med alternativet(a) kommunen har til ein ny kommune (intensjonsavtalene). Spørsmål som bør svarast på er om

- Kommunen er bærekraftig og økonomisk robust
- Eigen kommune sin handlefridom, framtidig investeringsbehov, ROBEK og så vidare

#### Økonomi:

Styrker/mulegheiter

Regionkommune	Landkommune	Stordal
Solid økonomi med	Kan oppnå stordriftsfordeler og	God oversikt over

mulegheiter for meir effektiv drift	meir effektiv ressursutnytting. Meir robust kommuneøkonomi. Lettare å løyse oppgåver pga større fagkompetanse. Mindre sårbar for endringar i inntektssystemet	økonomien. Ein viss økonomisk handlefridom – har «pengar på bok» «Herre i eige hus». Relativt effektiv ressursbruk
-------------------------------------	---	---

#### Svakheiter

<b>Regionkommune</b>	<b>Landkommune</b>	<b>Stordal</b>
Ulik økonomisk utgangspunkt og ulikt nivå på skattar og avgifter	Overgangsperioden kan bli krevjande. Utgjaming av kommunale avgifter m.m kan bli opplevd urettferdig, særleg med tanke på eventuell eigedomsskatt. Kommunen må pga storleik framleis kjøpe tenester gjennom interkommunale samarbeid	Den demografiske utviklinga (færre yrkesaktive pr pensjonist) utgjer ei svakheit med tanke på kommunens framtidige økonomi. Små endringar som t.d. ein ekstra ressurskrevjande brukar kan få store økonomiske og tenestemessige konsekvensar i eit lite budsjett. Kommunen er svært sårbar for endringar i inntektssystemet

Rekneskapsresultatet dei siste åra har vore positive, men regnskapet for 2015 viser at Stordal kommune samla sett kjem ut i 0. Utviklingstrekka dei siste åra går i slik retning:

- Auka lånegjeld, som vil vere sterkt aukande dei komande åra ved gjennomføring av vedteken økonomiplan for 2016-2019.
- Planlagde investeringar vil også medføre at økonomiske reservar må brukast for å unngå for høg lånegjeld.
- Mindre avkastning på bank- og fondsplasseringar
- Auka krav til tenesteproduksjon, særleg i helse- og omsorgssektoren, medfører ekstra utgifter i drifta.

Over tid vil ei slik utvikling medføre at dei økonomiske reservane vert tappa. Stordal kommune har såleis ikkje ein svært robust økonomi dersom denne utviklinga fortset.

Forslag til nytt inntektssystem for kommunane har vore ute til høyring. Litt avhengig av distriktsindeksen, kan Stordal kommune kome ut med ein reduksjon i årlege frie inntekter på 1-2 millionar kroner. Dette er eit ikkje uvesentleg beløp for Stordal kommune, og vil vere svært krevjande å ta ut i form av effektivisering. Dersom dette vert resultatet vil ein sannsynleg måtte redusere tenestetilbodet.

På den andre sida har Stordal kommune ikkje innført eigedomskatt. Dette vil kunne vere ei kjelde til styrking av kommuneøkonomien.

Om ein vel å slå seg saman med andre vil ein vere garantert inndelingstilskot på 2016-nivå i 15 år framover, og deretter ei nedtrapping på 5 år.

Større kommunar vil ha større ressursgrunnlag, og kan også ha ei meir variert befolknings- og næringssamansetjing. Det gjer kommunane meir robuste i forhold til uforutsette hendingar og utviklingstrekk.

### **Oppsummert vurdering:**

Telemarkforsking sin rapport om Stordal kommune som eigen kommune gav på mange måtar eit positivt bilet av Stordal. Dei vurderte at det kunne vere mogleg at kommunen også i framtida skulle kunne vere eigen kommune som i dag, men Telemarkforsking hadde imidlertid eit atterhald om varsle endringar i framtidig inntektsystem.

Forslaget til nytt inntektsystem betyr at dei statlege overføringane til Stordal kommune kan verte noko redusert, og dette kan få konsekvensar for tenestetilbodet til innbyggjarane. Parallelt ventar vi at kravet til kommunane si tenesteyting vil auke framover.

Rådmannen vurderer at Stordal kommune åleine ikkje er i stand til å løyse sine oppgåver utan interkommunale samarbeid, verken no eller framover. Telemarkforsking sin rapport omtala i liten grad problemstillinga kring interkommunale samarbeid, men det kan knyte seg usikkerheit til kva haldningar dei eventuelle nye kommunane vil ha til å inngå interkommunalt samarbeide og til kva pris.

I kva grad andre kommunar sine val skal påvirke dei val som Stordal kommune gjer for eigen del, er ei vanskeleg vurdering, men verken Ørskog eller Skodje har det å halde fram som eigen kommune i framtida som eit aktuelt alternativ. Dette medfører at det kan vere usikkerheit knytt til dei mange og eksisterande interkommunale samarbeida som Stordal har med dei same kommunane.

Den rådgivande folkerøystinga i Stordal viser fleirtal for å fortsetje som eigen kommune. Vidare er det landkommunealternativet som tydeleg får mest oppslutning i folkerøystinga – både hos dei som er positive til kommunesamanslåing og hos dei som primært ønskjer å stå åleine, men som gir eit sekundert råd til kommunestyret.

Ut frå det som kjem fram i saka er rådmannen sterkt i tvil om Stordal kommune vil kunne fortsetje som eigen kommune i framtida – vurdert ut frå dei kriteriane som Stortinget har bede oss om å sjå på. Ein del av arbeidet med kommunereformen har samstundes også vore innbyggarinvolvering og høyring, og rådmannen finn det derfor vanskeleg å innstille på noko anna enn det fleirtalet i den rådgivande folkerøystinga viser.

Rådmannen vurderer det uansett som svært usikkert om fylkesmannen og/eller Stortinget vil tilrå at Stordal kommune kan stå åleine. Dersom fleirtalet i kommunestyret til slutt skulle falle ned på konklusjonen om å fortsatt stå åleine, meiner rådmannen det er avgjerande at kommunestyret i tillegg gir tydelege signal om eit sekundært val. Kommunestyret bør då ha eit punkt nummer to som synleggjer det føretrekte alternativet dersom ein ikkje får hove til å stå åleine.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

#### **Behandling i kommunestyremøte 15.06.16:**

*Sp v/ Kjersti Ruset Hjelle sette fram følgjande forslag til vedtak:*

1. *Stordal kommune skal halde fram som eiga kommune.*
2. *Dersom overordna styresmakter går mot denne avgjerda, vil Stordal kommunestyre gå vidare med forhandlingar om eit landkommunealternativ.*

*Høgre v/ Jan Are Remme sette fram følgjande forslag til vedtak:*

1. Saka vert utsett.
2. Kommunestyret ber forhandlingsutvalet om å gå i forhandlingar om kommunesamanslåing saman med kommunane i intensjonsavtalen Storfjord kommune.
3. Forhandlingane skal vere basert på føringer og prioriteringar gitt i tidlegare mandat.

**Avstemming (15 voterande):**

Forslag frå Høgre fekk 8 stemmer og vart vedteke.

Sp trekte deretter sitt forslag til vedtak.

**KS-041/16 VEDTAK:**

1. Saka vert utsett.
2. Kommunestyret ber forhandlingsutvalet om å gå i forhandlingar om kommunesamanslåing saman med kommunane i intensjonsavtalen Storfjord kommune.
3. Forhandlingane skal vere basert på føringer og prioriteringar gitt i tidlegare mandat.

Stordal kommunestyre vel å følgje resultatet frå den rådgjevande folkerøystinga, og gjer følgjande vedtak:

1. Stordal kommune skal halde fram som eigen kommune.
2. Dersom dette alternativet vert sett til side etter fylkesmannen si tilråding/Stortinget si avgjerd, skal noverande Stordal kommune inngå i ein ny landkommune saman med ein eller fleire av kommunane Ørskog, Norddal og Skodje.

**NYE OPPLYSNINGAR I SAKA**

**Saksutgreiing:**

Måndag 20. juni møttest forhandlingsutvala i Skodje, Ørskog og Stordal kommunar til vidare forhandlingar om landkommunealternativet. Målet for forhandlingane var å utdjupe og konkretisere inngått intensjonsavtale om Storfjord kommune. Forhandlingane vart leda av Erlend Krumsvik frå Sunnmøre regionråd på same måten som tidlegare i prosessen med forhandlingar og intensjonsavtalar. Norddal kommune hadde takka nei til å delta i desse forhandlingane.

Ein var svært nær å kome til enighet om ein tilleggsavtale til intensjonsavtalen – heilt til Skodje kommune fremja sitt ultimatum om at samansetjinga i fellesnemnda skulle avspegle folketalet i dei tre kommunane som forhandla. I intensjonsavtalen om Storfjord kommune, underskriven mars 2016, vart det lagt som prinsipp at alle kommunane skal ha lik representasjon i fellesnemnda. Slik er det også i signert intensjonsavtale for Regionkommune Ålesund.

At Skodje kommune no ville ha avtale om å fråvike dette prinsippet kunne verken Ørskog eller Stordal akseptere. Forhandlingane vart etter dette avslutta.

Det ligg føre eit referat frå forhandlingane og eit ukast til tilleggsavtale. Desse er også vedlagt saka.

**Vurdering:**

Stordal kommune har utgreidd fleire alternativ til samanslåing i tillegg til alternativet Stordal som eigen kommune. Det er inngått to intensjonsavtalar. Av desse to er det landkommunealternativet som er det mest aktuelle samanslåingsalternativet for Stordal kommune sine innbyggjarar – vurdert ut frå det som kjem fram i både innbyggerundersøkingar og folkerøysting. Intensjonsavtalen om landkommunealternativet vart forsøkt utdjupa i dei siste forhandlingane med Ørskog og Skodje utan at ein lykkast å kome til enighet.

Stordal kommune har ved fleire høve vore utfordra til samtalar med Norddal kommune åleine, men det har så langt ikkje vore politisk interesse i Stordal for å føre slike einsidige samtalar eller forhandlingar.

Stordal kommune har samarbeid med Norddal kommune på mange fagområde, men i dei fleste tilfella er samarbeidet også knytt opp mot andre kommunar på nordsida av Storfjorden og i fleire tilfelle mot Ålesund. Samarbeidet om tekniske tenester er det einaste området der dei to kommunane samarbeider åleine i dag.

Pendlarstraumen i Stordal kommune har ei klar retning vestover.

Innbyggarundersøkingane gjort i 2014 og 2015 har spørsmål om kva nabokommunar ein eventuelt vil slå seg saman med. Der kjem det tydeleg fram ei like stor gjensidig interesse for samanslåing av Ørskog og Stordal kommunar. Det er også gjensidig interesse for samanslåing av Stordal og Norddal, men ikkje like stor som det ein ser med Ørskog.

Rådmannen held fast på si vurdering frå tidlegare, der ho uttrykkjer sterkt tvil om Stordal kommune kan halde fram som eigen kommune i framtida vurdert ut frå dei kriteriane som kommunereforma legg til grunn. Vidare er rådmannen også i tvil om fylkesmannen og Stortinget vil gå inn for Stordal kommune som eigen kommune i framtida.

Rådmannen meiner derfor det er nødvendig for Stordal kommunestyre å ha klare føringar for eit samanslåingsalternativ – sjølv om folkerøystinga synte fleirtal for å halde fast på Stordal kommune som eigen kommune i framtida.

Med desse tilleggsverderingane legg rådmannen saka fram for kommunestyret på nytt, og med same innstilling som tidlegare.

## **NYTT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Stordal kommunestyre vel å følgje resultatet frå den rådgjevande folkerøystinga, og gjer følgjande vedtak:

1. Stordal kommune skal halde fram som eigen kommune.
2. Dersom dette alternativet vert sett til side etter fylkesmannen si tilråding/Stortinget si avgjerd, skal noverande Stordal kommune inngå i ein ny landkommune saman med ein eller fleire av kommunane Ørskog, Norddal og Skodje.

## **Behandling i KS-møte 29.06.16:**

*Høgre v/ Bjørn Ove Olsen sette fram følgjande forslag til vedtak:*

*Stordal kommune slår seg saman med ei eller fleire av kommunane som har signert avtalen «Storfjord kommune».*

*Senterpartiet v/ Lars Kristian Øvrebusk sette fram følgjande forslag til vedtak:*

1. Stordal kommune skal halde fram som eigen kommune.
2. *Dersom dette alternativet vert sett til side etter Fylkesmannen si tilråding/Stortinget si avgjerd, skal noverande Stordal kommune inngå i ein ny landkommune saman med Ørskog eller fleire.*

*Høgre v/ Claus Hoff ba om protokolltilførsel dersom framlegg frå Bjørn Ove Olsen (H) vart nedstemt.*

*Det vart deretter halde gruppemøte.*

## **Avstemming (15 voterande):**

*Forslaget frå Høgre fekk 6 røyster og fall.*

*Deretter vart det røysta over rådmannen sitt framlegg til og med pkt 1.*

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 9 røyster og vart vedteke.

Senterpartiet (Sp) bad om prøverøysting til eit endra punkt 2, der dei ønska følgjande tillegg til rådmannen sitt pkt 2:

«Ørskog kommune bør inngå i den kommunen».

Det vart halde prøverøysting. Prøverøystinga viste at Senterpartiet sitt framlegg til nytt pkt. 2 fekk 2 stemmer.

Senterpartiet sitt framlegg vart deretter trekt.

Arbeiderpartiet (Ap) sette fram følgjande tillegg til rådmannen sitt pkt. 2:

«Jfr inngått intensjonsavtale».

**Avstemming (15 voterande):**

Ap sitt framlegg til pkt. 2 vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til pkt. 2.

Arbeiderpartiet sitt framlegg til tillegg til rådmannen sitt pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

**KS-065/16 VEDTAK:**

Stordal kommunestyre vel å følgje resultatet frå den rådgjevande folkerøystinga, og gjer følgjande vedtak:

1. Stordal kommune skal halde fram som eigen kommune.
2. Dersom dette alternativet vert sett til side etter fylkesmannen si tilråding/Stortinget si avgjerd, skal noverande Stordal kommune inngå i ein ny landkommune saman med ein eller fleire av kommunane Ørskog, Norddal og Skodje, jamfør inngått intensjonsavtale.

**Protokolltilførsel:**

Mindretaket (Høgre og Frp) er sterkt uroa over den økonomiske situasjonen og handlingsrommet Stordal kommune vil komme opp i, som følgje av vedtaket om å stå åleine som eiga kommune.

I det ligg også ei reell frykt for eit dyrare og därlegare tenestetilbod for innbyggjarane i Stordal kommune.